



Møteprotokoll

Utval:	Styringsgruppa skulestruktur
Møtestad:	Fjalerhuset - Kommunestyresalen
Dato:	08.01.2026
Tid:	Kl. 08:30

Medlemmer:	Parti
Haugsbakk, Marte	
Espedal, Leif Jarle	AP
Naustdal, Ainor Fristad	AP
Jarstad, Jostein	H
Taylor, Mark	MDG
Engen, Randi Oddny	SP
Felde, Kjetil Høgseth	SP
Ness, Kjetil	SV
Rundberg, Anna-Linnéa	UAVH

Merknader:

Møteleiar: Espedal, Leif Jarle

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel		ArkivsakID
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		25/1981
002/26	Godkjenning av protokoll		25/1981
003/26	Referatsaker		25/1981
004/26	Utgreiing skulestruktur - Prosjektplan og val av konsulentfirma	Ikkje offentleg	25/1844

001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

08.01.2026 Styringsgruppa skulestruktur

Handsaming:

Røysting: samrøystes

ASK- 001/26 Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

002/26: Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå siste møte vert godkjend.

08.01.2026 Styringsgruppa skulestruktur

Handsaming:

Dette er første møte i styringsgruppa, så difor ligg det ikkje føre protokoll frå førre møte.

ASK- 002/26 Vedtak:
Dette er første møte i styringsgruppa, så difor ligg det ikkje føre protokoll frå førre møte.

003/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Referatsakene vert godkjende.

08.01.2026 Styringsgruppa skulestruktur

Handsaming:

Røysting: samrøystes

ASK- 003/26 Vedtak:
Referatsakene vert godkjende.

004/26: Utgreiing skulestruktur - Prosjektplan og val av konsulentfirma

Arbeidsgruppa sitt framlegg:

1. **Agenda Kaupang vert vald som konsulent for utgreiing av skulestruktur**, med KS Konsulent som alternativ dersom avtale ikkje kan inngåast.
2. **Bestillinga til Agenda Kaupang vert justert** slik at den eksplisitt omfattar:
 - a. Ei tidleg orientering til styringsgruppa om klassesdeling og bemanningskonsekvensar av dei tre alternativa og dagens struktur, før detaljert utgreiing vert sett i gong.
 - b. Bruk av opsjon for teknisk tilstandsvurdering av skulebygga gjennom AS Bygganalyse, etter eiga bestilling frå styringsgruppa.
 - c. Eige delkapittel om konsekvensar for barnehage i Flekke dersom skulen vert lagt ned eller endra.
 - d. Eige delkapittel som konkretiserer moglege kostnadsreduksjonar på Dingemoen skule, innanfor både drift, bemanning og arealbruk, uavhengig av kva strukturalternativ som vert valt.

Med desse justeringane er Agenda Kaupang sitt tilbod best i samsvar med vedteke mandat, dei nye politiske presiseringane og den økonomiske ramma kommunestyret har sett av til ekstern bistand, jf kommunestyre sitt vedtak i sak 106/24. Det står att omlag kr 700,000 av løyvinga.

Prosjektplanen vert vedteke slik den ligg føre.

08.01.2026 Styringsgruppa skulestruktur

Handsaming:

Lukking av møtet

I saksframlegget vert det gjengjeve vert det gjengjeve opplysningane frå tilboda som er å sjå på som forretningsløyndommar (opplysningar om korleis oppdraget skal løysast), og desse er underlagt teieplikt etter fvl. § 13 første ledd punkt 2. Difor vert det føreslått å lukke møtet med heimel i kommunelova § 11-5 tredje ledd, bokstav b.

Røysting om lukking av møtet: samrøystes

Røysting val av konsulentfirma: samrøystes

ASK- 004/26 Vedtak:

1. **Agenda Kaupang vert vald som konsulent for utgreiing av skulestruktur**, med KS Konsulent som alternativ dersom avtale ikkje kan inngåast.
2. **Bestillinga til Agenda Kaupang vert justert** slik at den eksplisitt omfattar:
 - a. Ei tidleg orientering til styringsgruppa om klassesdeling og bemanningskonsekvensar av dei tre alternativa og dagens struktur, før detaljert utgreiing vert sett i gong.
 - b. Bruk av opsjon for teknisk tilstandsvurdering av skulebygga gjennom AS Bygganalyse, etter eiga bestilling frå styringsgruppa.
 - c. Eige delkapittel om konsekvensar for barnehage i Flekke dersom skulen vert lagt ned eller endra.

- d. Eige delkapittel som konkretiserer moglege kostnadsreduksjonar på Dingemoen skule, innanfor både drift, bemanning og arealbruk, uavhengig av kva strukturalternativ som vert valt.

Med desse justeringane er Agenda Kaupang sitt tilbod best i samsvar med vedteke mandat, dei nye politiske presiseringane og den økonomiske ramma kommunestyret har sett av til ekstern bistand, jf kommunestyre sitt vedtak i sak 106/24. Det står att omlag kr 700,000 av løyvinga.

Prosjektplanen vert vedteke slik den ligg føre.